



MELDING OM VEDTAK

Hovudutval for oppvekst og kultur

frå

møte 13.03.2007

Saksnr	Løpenr.	Klassering	Avd / sakshandsamar	Dato
2007/301	2178/2007	C60	OMK/ ODG	23.03.2007


SAK 10/07: HØYRINGSUTTALE – BIBLIOTEKREFORM 2014

Vedtak:

HOK støttar intensjonane og strategiane i Bibliotekreform 2014 med dei merknadane som ligg i høyringsuttalen.

Hareid, 23. mars 2007

Rett utskrift:


Margreta Liavåg
Utvalsekretær

Utskrift sendt: sakshandsamar for ekspedering

FRAMLEGG TIL HØYRINGSUTTALE – "BIBLIOTEKREFORM 2014"

1. Generelle kommentarar

Vi støttar bibliotekutgreiinga si analyse av biblioteksektoren og signala om ein meir samla plan for felles nasjonale og digitale bibliotektenester som skal gi alle enkel tilgang til kunnskap og kultur. Likeeins at bibliotekbrukaren sine behov er sett i sentrum og at gratisprinsippet er stadfesta. Utgreiinga presenterer viktige satsingsforslag for å møte samfunnsutviklinga med eit samhandlande nasjonalt nettverk med sterk fagleg kompetanse for å gje brukarane gode, relevante og oppdaterte tenester.

Vi støttar også ideen om ei organisatorisk reform for norske folkebibliotek med følgjande målsetting: å tilføre brukarane kunnskap, kompetanse og kulturopplevingar. Vi ser at dette må skje gjennom ein konsolideringsprosess der målet er sterkare bibliotek og kompetansemiljø og betre bibliotektenester gjennom koordinering og felles ressursutnytting. Det er imidlertid viktig å understreke at *konsolidering* ikkje er det same som *sentralisering* og at *koordinering* ikkje er synonymt med *samling*. Den viktigaste kvaliteten ligg i å ha bibliotek der folk bur. Sjå kommentar under.

Utfordringane på kompetansesida er eit viktig moment for å styrke folkebiblioteka som samfunnsaktør innanfor både kunnskap, kultur og demokratibyggjing. Det trengs betydelige økonomiske løyvingar til eit slikt kompetanseløft i tillegg til utvikling av innhald, tenester og ikkje minst biblioteklokale.

Eit eige program for skulebibliotekutvikling og korleis skule- og folkebibliotek kan samarbeide, vil også vere svært viktig for distrikts-Norge. Mindre skular utan eige bibliotek, må ha alternativ.

2. Kommentarar til dei enkelte framlegga

Utgreiinga har 3 sentrale målområde, der vi konsentrerer oss om å kommentere eit par område under *Strategiar og tiltak, målområde 1 og 2* då vi ser desse som svært sentrale for folkebiblioteka.

Målområde 1: Innhald og tenester

1.1. Tilby digitalt innhald og nettbaserte tenester

Vår kommentar:

Vi ser på satsinga på felles nasjonale digitale og nettbaserte tenester som svært viktig for distrikts-Norge. På den måten kan ein nå det demokratiske målet om å gje alle innbyggjarane i landet lik tilgang til kultur og kunnskapkjelder. Nasjonale fellesløysingar som gjer det mogeleg å søkje i alle norske bibliotek samstundes (nasjonalt samsøk) er viktig. Jfr. programmet Norsk digitalt bibliotek.

Målområde 2: Struktur og organisering

2.1 Styrke og utvikle dei organisatoriske einingane i Noregsbiblioteket

Bibliotekutgreiinga foreslår å etablere sterkare og meir kompetente folkebibliotek gjennom at fleire bibliotek i eit geografisk område samlar bibliotekressursane sine til eit nytt konsolidert bibliotek, som vanlegvis skal ha minst ei avdeling i kvar av kommunane det omfattar. Samtidig skal ansvaret forankrast på lokalt nivå, nærast muleg brukaren.

Vår kommentar:

Intensjonen om å samle for å styrke fagmiljøet og tenestetilbodet støttar vi. Det er samtidig viktig for oss å understreke at det finst fleire konsolideringsmodellar. Ei sentralisering av folkebiblioteket der den lokale eigarskapen/forankringa vert svekka, vil også svekke biblioteket si rolle som møteplass og eit tilbod til alle, t.d. eldre og born. Vi har sett at bibliotekeiningane stadig har vorte færre og større (jfr. utlansstasjonar og filialar). Nærleik til tenesta er særskilt viktig for bruken av tenesta, ikkje minst om vi skal trekke inn stimuleringsperspektivet. Eit sentralisert bibliotek vert fort eit bibliotek for dei ressurssterke gruppene som veit kva dei vil. Møteplassfunksjonen er poengtert i bibliotekutgreiinga. Då må biblioteket ligge der folk bur, og der må også kompetansen vere.

Vi har tru på at eit frivillig, men forpliktande regionalt samarbeid mellom likeverdige partar der kvar kommune har sin eigen bibliotekleiar, best vil ivareta folkebiblioteket si rolle i lokalmiljøet. Vår kommune er no inne i eit 2-årig interkommunalt prosjekt med tre andre kommunar, som verkar lovande. For å utnytte ressursane har vi etablert ein felles bibliotekatalog med internettsøk og jamlege fagmøter. Vi ser m.a. for oss ei muleg felles profilering, nettstadutvikling, samt utnytting av mediasamlingane våre gjennom ei god transportordning. Elles

ser det ut til at ein er avhengig av stimuleringsmiddel utanfrå for å få til gode samarbeidsløysingar mellom biblioteka.

2.2. Vidareutvikle det fysiske biblioteket

Skal folkebiblioteka framstå som attraktive og funksjonelle møteplassar i lokalsamfunnet, må lokala vere tilpassa moderne formidlingsformer og bibliotekfunksjonar. Det er eit stort behov for å ruste opp folkebiblioteklokale, både arealmessig, praktisk og estetisk, og vi ser svært positivt på framlegget om eit statleg investeringsprogram som omfemner nye bibliotekbygg og ikkje minst fornying av eksisterande biblioteklokale.

2.3. Utvikle eit brukarorientert og samarbeidande Noregsbibliotek

Vi ser positivt på å styrke dagens biblioteklovgiving for å sikre samarbeidet i eit samhandlande, nasjonalt biblioteknettverk. Utifrå distriktsomsyn er det viktig at alle offentlege bibliotek vert pålagt å ta del i biblioteknettverket ved å yte fjernlån og ved kunnskapsdeling.

Det er også viktig med betre profilering av Noregsbiblioteket og vi støttar fullt opp om landsomfemnande profileringskampanjar.

Det er også behov for ei styrking av krava til skulebibliotektenester i forskriftene til opplæringslova.

Målområde 3: Kompetanse og forskning

Vår kommentar:

Vi ser positivt på forslaga om utvikling og kompetanseheving som også omfattar folkebibliotek og ikkje minst skulebibliotek. Utviklingsprogram og kompetanseplanar bør vere regionale, og gjerne tverrfaglege i høve til heile ABM-sektoren.